

## Knalljazz på «skallfest»!

28.07.2017



Borge Olsens kvintett skapte topp stemning.

**Skal ein nokon gong trekkja fram terningkast 6, må det i alle fall gjerast etter gårdagens skaldyrfest med jazz på Oska. Og det må verta toppkarakter i alle kategoriar som mat, musikk, stemning, service og meir. Kvelden var fullbooka allereie sist helg, og samtlege blant dei heldige som hadde fått plass, storkosa seg.**



Først kosa gjestene seg med havets delikatessar og nydeleg tilbehør.

Kvelden starta med skaldyrbuffè der Roy Lervåg og crewet hans baud på eit flott bord. Det var ferske reker, krabbe, blåskjel, nydeleg fiskesuppe og det herlegaste tilbehøret av salatar, sausar og majonesar samt det gode Oska-brødet. Alt like velsmakande.

- Åh, det er så godt!! Til og med smøret er spesielt godt her, sa ei til meg for å understreka kvaliteten då eg forsynte meg i andre runde. Alle kosa seg, og eg trur alle var stappmette då Borge Olsens Kvintett gjorde seg klar til konsert. Eg trur ikkje det var mange som klarte å følgja oppfordringa til Leif Henrik Borge Olsen i introduseringa til konserten:

- No skal vi spela litt for dåke, men dåke må berre fortsetje å ete reker, for det er meir mat.

Den gode maten vart fulgt opp med flott musikk. Det dyktige bandet spela velkjende standardlåtar som folk kjente att og kunne nynna med på. Framføringane var på profesjonelt vis med leikent samspel med mykje humør og speglede som letta stemninga i taket.



Ei beistra Gunvor Myklebust i samtale med musikarane Kjell Borge Olsen(t.v.) og Bjarne Øymyr i pausen med Alex Grieg i bakgrunnen.

Då det vart pause, var Gunvor Myklebust ei av dei som spontant gjekk fram til musikarane.

- De er jekla bra! var hennar spontane utsegn, og ho drøymde seg tilbake til jazzklubbkveldar i barndomsbyen Bergen i yngre dagar. Ho hadde eigentleg planar om å trekkja seg tilbake i pausen, men ho vart til siste tone.

Dette ville ho ikkje gå glipp av! Dottera Lill som var heime på ferie, var storleg imponert over nivået på musikken. Ved bordet vårt vart trådane trekte til jazzbyen New Orleans då ein av oss hadde opplevd jazzfestival der.

Det er veldig kjekt at Roy Lervåg stadig presenterer topp konsertar på Oska. Denne gongen var det fem særdeles garva og dyktige musikarar. Både Bjarne Øymyr(piano), Leif Henrik Borge Olsen(gitar), Alex Grieg(kontrabass) og Are Ovesen(trompet) er humørfylte kunstnarar på instrumenta sine. Likevel må eg nemna Kjell Borge Olsen på trommer spesielt. Han er for lengst blitt oldefar, men likevel heng 78-åringen imponerende godt med. Og når det gjeld humør og speglede er han fullt på høgde med dei fire.

Dette var GØY! Ein herleg sommarkveld på restauranten i sjøkanten!



Livleg, humørfyllt og brilliant samspel mellom Are Ovesen og Leif Henrik Borge Olsen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland